



LÆRTE SJØMANNSKAP OG BEREKRAFT MED «SNAKKAST PÅ FJORDEN»

Sander Aarskog og dei andre niandeklassingane må konsentrera seg når dei ror ut frå Port Steingard. Foto: Kjetil Rydland.

Av **Kjetil Rydland** - 29. august 2018

ELEVAR FRÅ UNGDOMSSKULEN PÅ RIMBAREID MØTTE OPP PÅ PORT STEINGARD I KRÅKO ONSDAG MORGON FOR Å VERA MED PÅ «SNAKKAST PÅ FJORDEN», EIT UNDERVISNINGSSOPPLEGG I REGI AV KYSTSOGVEKENE 2018.

Her tok dagleg leiar i Kystsogvekene, Kjell Magnus Økland, imot elevar og lærarar frå Rimbareid, og hadde ulike aktivitetar å by på.



Kjell Magnus Økland, dagleg leiar i Kystsogvekene. Foto: Kjetil Rydland.



Kjell Magnus Økland på rotur med niandeklassingar frå Rimbareid. Foto: Kjetil Rydland.



Sander Aarskog og dei andre niandeklassingane må konsentrera seg når dei ror ut frå Port Steingard. Foto: Kjetil Rydland.



Stig André Maraas fann seg godt til rette ved roret. I bakgrunnen Seladon. Foto: Kjetil Rydland.

Samarbeid, sjømannskap og meistring

Naturlegvis var Einar Matre på plass med seglskuta Seladon frå 1937. Han tok elevar med seg ut på fjorden, der dei fekk dei læra å heisa segl og navigera etter gamle sjømerke og meir moderne utstyr.

Samtidig tok Kjell Magnus Økland seg av andre elevar, som lærte å ro i ein svær robåt, som er ein kopi av livbåten til Statsraad Lehmkühl. Dei to båtane dei hadde med på prosjektet, tilhøyrrer 17. mai-komiteen i Bergen, fortel Økland.

Med myndig røyst kommanderte han elevane ut på fjorden og rundt Hyseholmen. Her lærte dei kor viktig det er å ro i takt for å få god fart, og han viste korleis dei svinga den store båten ved at roarane på eine sida slutta å ro, eller bremsa med årane.

Og så lærte me kvifor det heiter *styrbord* og *babord* på sjøen, og ikkje høgre og venstre. Styrbord er på den sida styreåra var, og babord kjem av *bakbord* (bak ryggen på styrmannan). På engelsk er det litt enklare, då babord heiter *port side*, den sida av båten me legg inntil kaien. Så no veit me det.

Stig André Maraas og Sam Jacob Horneland fekk prøva seg med roret, og såg ut til å ha eit greitt grep om det. Stig André meinte det hadde gått betre om dei andre hadde rodd i takt med han, men det er ikkje sikkert alle var einige.


Enkelte jenter meinte dei kunne det meste frå før, men det såg ikkje heilt slik ut ...



*Elevane ser ut til å kosa seg om bord på Seladon.
Foto: Kjetil Rydland.*



Seladon for fulle segl. Foto: Kjetil Rydland.



*Emil Sørfoenn fann plassen sin framme på
Seladon. Foto: Kjetil Rydland.*

«Med berekraft som rettesnor»

I strandkanten samla Arne Øy og Anna Olsvold frå FN-sambandet grupper av elevar og arbeidde med ulike praktiske oppgåver. Her fekk elevane læra om berekraftig utvikling og granska ei strand.

Arne Øy tok elevane med seg i strandkanten og leita etter plastbitar. Dei samla inn, registrerte og sorterte det dei fann. – Og så sender me det inn til forskning, fortalte veteranen, som har arbeidd med miljøvern ei mannsalder.

Han fortel at dei reknar plastbitar under 5 mm for mikroplast, og den er for liten til å bli rydda. På ei vanleg strand er det ofte 10 000 til 20 000 slike småbitar.

– Me veit for lite om kor farlege desse småbitane er, understrekar ein uroleg Arne Øy.

Han fortel at han set stor pris på samarbeidet med Kystsogeveke, Friluftsrådet og dei andre samarbeidspartnarane i «Snakkast på fjorden».


Det er alltid ekstra kjekt å vera med på prosjekt som har sterk lokal forankring, seier veteranen i FN-sambandet.



Arne Øy i FN-sambandet fekk elevane med på å laga ulike figurar med lukka auge. Foto: Kjetil Rydland.



Anna Olsvold bruker ein liten jordklode til å forklara FN's berekraftmål. Foto: Kjetil Rydland.



Arne Øy fann plast i stranda, men ikkje på langt nær så mykje som på mange andre strender. Foto: Kjetil Rydland.



Kjekke gitar lærer om berekraftmål av Arne Øy i FN-sambandet. Foto: Kjetil Rydland.



Arne Øy i FN-sambandet greier ut om FN sine berekraftmål. Foto: Kjetil rydland.

SNAKKAST PÅ FJORDEN

- «Snakkast på fjorden» er eit prosjekt i Kystsogevekene 2018, som varer frå 4. august til 16. september.
- Meir enn 1000 elevar i ti ulike kommunar får vera med på ein annleis skuledag på og ved sjøen.
- Samarbeid mellom Bergen og omland Friluftsråd, seglskuta «Seladon», Coasteering AS, Ragn Sells, FN-sambandet og Kystsogevekene.
- «Snakkast på fjorden 2018» har kome i stand via aktiviseringsmidlar til friluftslivsformål frå Miljø- og klimadepartementet, løyvt av Hordaland fylkeskommune.
- Målet er at prosjektet skal bli starten på ein årleg tradisjon under Kystsogevekene.

Kjetil Rydland

Journalist i Fitjarposten.